



Velkommen til Ulsteinhallen

Opent KM for Møre og Romsdal 26. og 27. januar 2019

26. og 27. januar vert det ny idrettsfest i Ulsteinhallen. Då arrangerer Dimna IL opent KM for Møre og Romsdal. Stemnet er opent for alle, også deltakarar frå andre kretsar. Fredag 25. januar vert det stort internasjonalt elitestemne i samarbeid med Team Warholm. Meir info om dette kjem om ikkje så lenge.

Klasse	Laurdag - kl. 12.00	Søndag - kl. 11.00
Rekrutt		60 m og lengde
10 år	60 m, kule, høgde	Lengde og 200 m
11-12 år	60 m, kule, høgde, stav, lengde u/t, 1000 m kappgang	60 m hk, 200 m, lengde og 600 m, høgde u/t
13 år	60 m, lengde, høgde, stav, lengde u/t, 1000 m kappgang	60 m hk, 200 m, kule og 600 m, høgde u/t
14 år	60 m, lengde, stav, 800 m, høgde u/t, 1000 m kappgang	60 m hk, 200 m, kule og 600 m, høgde, lengde u/t
15-19 år	60 m hk, 200 m, lengde, 800 m, høgde u/t, Stav, 1500m kappg.	60 m, 400 m, 1500 m, kule, høgde, lengde u/t
Senior	60 m hk, 200 m, lengde, 800 m, høgde u/t, Stav, 3000m kappg.	60 m, 400 m, 1500 m, kule, høgde, lengde u/t

PÅMELDING:

Online påmelding via Minldrett eller Sportsadmin. **Påmeldingsfrist: mandag 21. januar kl. 23.59.** Dersom du av ein eller annan grunn ikkje kan registrere påmeldinga her kan du sende oss ein e-post på adressa: pamelding@dimna.no

STARTKONTINGENT:

Rekruttar: kr. 100,- for alle øvingane. 10 år kr. 75,- pr. dag (alle øvingane). 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. start. Det blir sendt faktura på startkontingenten til klubben etter stemnet. Ved påmelding etter påmeldingsfristen vert det dobbel startkontingent.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa blir det deltakarpremie til alle. I 10 års klassa vert det ein deltakarpremie pr. dag til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I løpsøvingane frå 200 m og lenger vert det tid avgjerande (ingen finaler). På 60 m og 60 m hekk vert det forsøk og finale for klassene 11 år og eldre. **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggar. Inne i hallen må ein også ha reine joggesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.

Overnatting

Vi kan anbefale Quality Hotel Ulstein tlf. 70013000 og Sunnmøre Folkehøgskule (SUFH) tlf. 70009600

